



## Møtereferat

Dato: 28.08.2020

Type møte: Diskusjonsmøte/undevegsmøte:  
Detaljreguleringsplan for Birkelundstunet, gbnr: 172/14.

Tid og stad: Kl. 12.30, Microsoft Teams

Møteleiar: Ole Martin Bolset

Bakgrunn: Oppsummering av avvist planforslag, samt diskusjon om vegen vidare mot 1. gongs handsaming.

Til stades: Alver kommune v/ Ole Martin Bolset og Marianne Sandvik.

Proess AS v/ Sindre Øen og Maria Skylstad  
Forslagsstillar v/ Terje Seim

### Detaljreguleringsplan for Birkelundstunet, gbnr: 172/14.

Kommunen oppsummerte avvisinga. Hovudutfordringa ved innsendt planforslag er mengd uteareal: Leikeareal og uteoppholdsareal.

Proess meiner ein burde sjå på området og området rundt i sin heilhet. Det vart påpeikt leikeareal i tilgrensande planar, som kan verte brukt av bebuarar i dette feltet òg. Målet er å nytte denne tomten til fortetting, og det har ikkje tidlegare kome noko tilbakemelding frå kommunen (Lindås) på at det er mangel av areal.

Kommunen er einig i at ein må sjå området og området rundt i samanheng, men at leikeplassane i tilgrensande planar må ha «kapasitet» for ny bebyggelse. Skulen sitt areal til leik kan nyttast av bebuarar, og vi ser det som aktuelt å kunne godta å nytte dette arealet istadenfor å legge til rette for ein områdeleikeplass på 250 m<sup>2</sup>.

Kommunen presiserte at manglane på uteareal har aldri vore detaljert gått gjennom og difor ikkje tidlegare vorte godt nok vurdert, diskutert eller godkjent av kommunen. Det viktige framover er å sjå på saka på nytt i håp om å få i hamn ein god plan med gode kvalitetar.

Planen vidare:

Forslagsstillar og Proess tek ein ny gjennomgang av planmaterialet og ser på ulike løysingar for å tilfredsstillast krava i KDP. Mengd uteareal og kvalitetane på arealet må framstillast og vurderast, noko som kan gå på bekostning av ønska utnyttingsgrad. Eventuelle avvik må tydeleg framstillast og grunngjevast.

Det vart einigheit om at ein tar eit undervegsmøte/ ein gjennomgang av revidert planmateriale før neste innlevering til 1. gongs handsaming.